

Kjære sambygdingar!

No er det ei stund sidan eg har skrive nokre ord om alt som foregår, men eg nyttar likevel høve til å samle opp det siste halve året. Håpet er at eg meir regelmessigt får skrive om alt som skjer, spesielt i og for Gol.

Eg avslutta sist med august månad, og eg tek opp at råden.

## **AUGUST:**

Opninga av den nye skulegangvegen gjekk føre seg med storfint besøk frå både Statens Vegvesen med sitt enorme vaffeljern og fylkesvaraordførar Olav Skinnes. Til tross for raske attendemeldingar på mangelfull merking av krysning nærmast Hesla Bru vart vegen tatt raskt i bruk, og syner seg å vera ein god bruksveg. Bilistane har også fått ein meir oversikteleg veg med betre sving og lågare fart takka væra fartsdumper.

Fyrste skuledagen til Gol skule fekk eg delta på, og eg kan bekrefte at det var mange spente og glade born som sto ute på skuleplassen. Spesielt moro var det å sjå fyrsteklassingane som alle hadde ranslar som var større enn dei sjølve.

I august fekk me den fyrste møteinnkallinga til dialogmøter med politimeisteren vedrørende nærpolitireformen. Det var knytt stor spenning til kva, korleis og kvifor. Resultatet har vorte at Gol, Hol og Nes oppretthaldast med lensmannskontor. I tillegg blir Hallingdal eigen tenesteeining, noko me politikarar har kjempa hardt for. Korleis politiet vil endre seg mot oss som innbyggjarar står framleis att å sjå. Det har vore og er framleis mykje bekymring rundt det endra tenestetilbodet, men me som politikarar kjem uansett til å ha eit tett samarbeid med etaten framover, og spesielt lokalt gjennom politiråd for å sikre ei god teneste. Arbeidet med skattekontoret på Gol tok for alvor fart med møter på Stortinget med Høgre, AP og KrF. Me hadde også satt opp eit møte med FrP, men dette vart diverre avlyst. Brevvekslingar og telefonsamtaler inn til finans - og kommunaldepartementa vart prioritert. Strategien vart sett i verk frå tidleg august og me har jobba heile hausten og tidleg vinter med saka. Det vart arrangert folkemøtet på Gol der nokre av politikarane våre på Stortingsbenken var representert og dei ville gå ein ny runde med saka. I desse dagar jobbar vi framleis med saka og har god kontakt med dei politikarane som skal prøve å sette skattekontoret på Gol på dagsordenen på nytt både mot finansministeren og til Stortinget!

Diskusjonen rundt stamvegvalet var også tidt og ofte på agendaen i haust og det er no i desse dagar at regjeringa vil leggje fram sitt forslag. Gol har tidlegare og står framleis fast på RV 52 som stamvegval nr to. Så vil tida vise om vegen ligg inne når Nasjonal Transportplan blir vedtatt i juni 2017.

I slutten av august gjennomførte me eit møte mellom friviljugheita og kommunal sektor i Gol. Det var eit godt møte med mange frammøtte. Eg vart overraska og mektig imponert når eg fekk vite om alle dei gode tiltaka våre friviljuge tilbyr våre

innbyggjarar. På møtet vart me einige om at me skulle prøve å ha ein felles møteplass minst ein gong i halvåret, og at me på sikt burde få til ein felles kalender med frivillige aktivitetar. Neste møte blir allereie 29. mars!

Frå og med august starta arbeidet med Småjobben i Gol. Dette er eit initiativ som har starta i RÅFU og utover hausten fekk dei kontor plass på Frivillighetsentralen. I mars månad skal eg vera med dit på eit besøk for å høyre korleis arbeidet hittils har gått og vyer for framtida. Eit flott tiltak!

## **SEPTEMBER:**

I september starta for alvor mi reise med Veilederkorpset som Gol kommune har fått tilgang på. Veilederkorpset hjelper skula i Gol med innhaldet i skulen.

Politikarane i Gol var tydelege på at når den nye skula stod ferdig var det viktig at me byrja å prioritere det som skulle vera inni. Dette arbeidet pågår fortsatt og kommunestyret som skuleeigarar vil bli endå meir påkopla etter kvart.

Fyrste kaffimøte med næringslivet vart avhelde med stort oppmøte på Solstad.

Dette er meint å vera ein møteplass for næringslivet der ordføraren kan gi informasjon frå kommunen om prosjekt og tiltak som vedkjem næringslivet, samtidig som næringslivet kan gi signal og diskutere med kommunen, eller seg imellom. Me har eit møte i månaden og skiftar møteplass kvart halvår. Hausten 2016 var det Solstad, våren 2017 er det Kjerstis Mat og Vinhus.

Hallingdal Ungdomsråd i samarbeid med Gol Ungdomsråd gjennomførte Skummelt Oppdrag på gamle gamleheimen på Tuppeskogen, og eg fekk lov til å bidra ved å vera ei gamal kjering på løftet. Mange ungdommar hadde ein skremmande kveld, og det var eit flott rusfritt alternativ ein fredagskveld for ungdommane våre!

Gol Reisemål starta eit samarbeid med Jarl Goli som skulle inspirere og motivere styret og dagleg leiar til framtidig drift. Me fekk masse input og har i løpet av hausten erstatta dagleg leiar som sa opp med to viljesterke og motiverte damer som tek innspela som kom fram hausten 2016 med inn i eit fartsfylt nytt år!

Gol skule vart opne med brask og bram, der blant anna ordføraren datt ut frå eit glas, i armane på ungane. Slik er verkeleg Gol skule etter intensjonen; hjarterom og opne armar. Det var flott å sjå at lokale heltar stilte opp, og elevane spelte ei stor rolle. Stortilt opning av ei storstilt stugu!

På slutten av månaden fekk eg vera med å opne Tottenskogen Rulleskianlegg som er Hallingdal sitt fyrste interkommunale anlegg der Gol og Hemsedal kommune har samarbeida for å få til ein fantastisk flott rulleskiarena. Denne står til disposisjon for både innbyggjarane våre og ikkje minst langrennsmedlemmane i idrettslaga våre! Anlegget fekk også pris av Buskerud fylkeskommune i februar 2017!

I september fekk eg og gleda av å opne Skue Sparebank i sentrum og VIANOR på Glitre, to flotte nye næringsbygg som gjer Gol sterkare som handel og servicesentrum!

## **OKTOBER:**

I oktober tok Regionrådet turen til Tromsø for å vera med vidare på Byregionprogrammet. Dette programmet har Regionrådet i sin heilheit vorte med

på for å lære og bygge vidare på fleirkjernestrukturen me har i Hallingdal (seks sentrum), og korleis me i framtida skal bli livskraftige kommunar. Arbeidet går eit steg vidare i vår når alle kommunane skal bli kopla på ved politiske representantar slik at me set eigne mål for kva vi vil ha ut av dette.

Midt mellom aust og vestlandet sine haustferiar arrangerte Gol kommune sitt fyrste hyttemøte. Det er slik at me per i dag er fleire hyttegølingar enn innbyggjarar, og derfor er det viktig å laga ein møteplass for å ta opp tema som er interessante for dei som brukar mykje tid og peng i vår kommune. Det var godt oppmøte, og tanken er å fortsetta med eit møte årleg knytt til haustferien. Det vil og på sikt bli jobba med eit hyttetorg som kan sjåast i samanheng med dette møtet under Fårefestivalen.

Arbeidet med Masterplan for Hallingmo kom for alvor i gang i oktober. Tanken med dette arbeidet er å laga eit utkast til ein plan for heile Hallingmo-området. Me må tenkje heilheit for området, og kanskje er dette området med på å oppfylle Gol på tvers. Me ser på kva tiltak ein skal legge til rette for, og eg må understreke nettopp det, for her trengs det fleire krefter for å utvikle Hallingmo-området som no husar både ny skule og fleirbrukshall i tillegg til all den eksisterande aktiviteten ved blant anna Hallingmo Idrettspark.

Nes kommune saman med Regionrådet og Gol kommune tok eit initiativ mot Domstoladministrasjonen til eit møte på Nes der me bad om avklaringar og framdrift for ein felles rettstad i Hallingdal. Arkitektteikningane vart gått igjennom på nytt. Det siste i saka er at DA seier at det ikkje blir samanslåing av tingretten og jordskrifteretten, men Regionrådet jobbar vidare politisk for å påverke dette.

## **NOVEMBER:**

I november fekk eg gleda av å dele ut pris på Buskerud Sau og Geit sitt årsmøte på Ål til blant anna vår lokale aktør Nortura for produktutviklinga av Hallingskravet Lam. Det er flott å sjå at organisasjonslivet og næringslivet samarbeidar, og sikrar at vår mat produserast lokalt!

Regionrådet har lengje hatt ynskje om å setja ned ei arbeidsgruppe for å sjå på våre idrettsanlegg frå eit regionalt perspektiv. Petter Rukke (medlem i Regionrådet/ordførar i Hol), Knut Arne Gurigard (dagleg leiar i Regionrådet), Mads Elbrønd (Gol kommune) og eg sit i denne gruppa og har kome i gang med dette i samarbeid med dei lokale idrettsråda (lag dersom ikkje råd) i kommunane. Arbeidet held fram i 2017 og skal forhåpentlegvis munne ut i ein plan som signaliserar anlegg med regional betydning.

Gjennom det siste året har Gol kommune ved fleire anledningar vore i kontakt med Jernbaneverket ang Gol Stasjon og utbetringar for både mjuke, harde og kollektive trafikantar. Arbeidet er prega av mange og lange forsinkelsar, og Gol kommune har ved fleire anledningar hatt møter og korrespondansar for å sikre framdrift. Frå januar 2017 vart Jernbaneverket oppløyst og delt inn i Jernbanedirektoratet og bane avdelingar, og for Hallingdal er me ein del av Bane nor. Me har fortsatt dialog og vil ikkje gje oss før me får til dei skisserte endringane. Prosjektet om å utbetre Gol Stasjon er overmodent og meir enn det, så me kjempar vidare.

Bokmessa i Hallingdal gjekk også av stabelen denne månaden og eg fekk den gleda

av å opne arrangementet. Eg var både imponert og inspirert over all lokal litteratur og kultur me skapar og har skapt i Hallingdal. Hallingen sit så visst ikkje å tvinnar tommeltottar! Stev, dikt og diverse tekstar og bøker vart trekte fram og eg vil oppfordre hallingane om å møte meir på slike arrangement som tek for seg så mykje av vår identitet.

Kvart år inntek Kartellkonferansa til LO Stat Pers Hotell, og atter ein gong fekk eg vera gjest. Storfint besøk kom det også som tidlegare. Det er alltid ei glede å ha slikt besøk i vår kommune.

Etter Hallingtinget i oktober starta Regionrådet for alvor opp med arbeidet til Strategisk plan for Hallingdal i november. No er alle innspela frå Hallingtinget gått igjennom og me skal jobbe vidare med eit utkast som Hallingtinget skal få sjå og uttale seg om. I arbeidet har me fokus på å spisse det arbeidet Regionrådet skal gjera og sørgje for at den strategiske planen blir meir forståeleg, meningsfull og rettleiande for det arbeidet me driv.

### **DESEMBER:**

I desember fekk eg besøke Husflidslaget på Tingstugu. Dei kunne fortelje at dei er Buskeruds tredje største lokallag. Her møtte eg mange flotte, engasjerte og fingernemme kvinner med tydelege bodskap og signal.

På slutten av året hadde me nokre store politiske saker. Planstrategien for Gol kommune der me prioritera kva slags planar me vil revidere i denne perioda, Helse og omsorgsplanen for Gol kommune og Barnehagestruktur. Planstrategien er vedtatt og vil starte opp med samfunnsdelen vår (tekstdelen) og fortsetta i prioritert rekkefølge med kommunedelplan for sentrum (arealdel for sentrum) og så kommuneplanen (arealdelen for heile kommunen inkludert Golsfjellet). Helse og omsorgsplanen har no vore ute på høyring og skal ta opp innspel før ein ev. vedtek denne i mars-møtet. Barnehagestrukturen var ei vond og vanskeleg sak, etter mi meining, men enda med ei samanslåing av grendabarnhagane til Herad gamle skule. Kommunestyret sette ein føresetnad på at investeringane på Herad gamle skule ikkje må overskride 5 millionar. Prosjektet blir i desse dagar lagt ut på anbud og vil fortelje oss om me går for løysinga.

### **JANUAR:**

Gol kommune starta året med å få ei fantastisk gåve frå Gol Rotary, heile 50 000,- til Sansehagen ved Helsetunet. Eg var invitert for å motta gåva på deira jubileumsfest på Kamben. Dette er ei gåve som vil koma mange brukarar og pårørande til gode.

Regionrådet fekk besøk av prosjektleiinga av Ringeriksbanen som gav oss oppdatert informasjon om prosjektet. Dette er eit viktig prosjekt for Hallingdal, då dette er vår sjanse til å auke tal på avgangar med tog på Bergensbanen, samt at prosjektet kortar ned reisetida frå blant anna Gol til Oslo. Dette gir oss ein endå gunstigare posisjon i reiselivet og i arbeidslivet. Dette følgjer me tett vidare!

Det vart arrangert ei reiselivskonferanse på Geilo med fokus på reiselivet i Buskerud. Her var det mykje interessant, blant anna vart eg obs på dei bevisste grønne forbrukarane. Godt er det at me i Gol har ein utbredt kultur på

miljøsertifisering av næringsliv og reiseliv. Dette vart det gitt signal om at kom til å ha mykje å si i forhold til bærekraft i framtida!

Utdanningsdirektoratet inviterte Gol kommune ved utvalsleiar Tonje B Kopstad og meg sjølv til å halde foredrag om Gol kommune sin prosess frå bygging av ny skule til fokus på det indre i skulen på ei konferanse på Gardermoen. Me takka sjølv sagt ja, og fekk gode attendemeldingar. Det er flott å få sjansar til å lyfte Gol! Her fekk me også viktige innspel om korleis me skal bruke Veilederkorpset som eg nemnde tidlegare vidare.

Etter at barnehagestruktursaka var ferdig i desember inviterte eg grendalaga til eit informasjons- og idemøte om korleis me kan sikre aktivitet i husa som bli ståande att. Det var godt oppmøte, og konstruktiv dialog, og arbeidet vidare blir enkeltvis med dei grendalaga som ynskjer å samarbeide med kommunen om dette.

## **FEBRUAR:**

Igjen var det tid for eigarsamling i Hallingdal Kraftnett, og me starta samlinga på ein visningsleilegheit på Torpomoen som var full av teknologiske løysingar. Hallingtinget har bestemt at istadenfor å ta ut utbytte i selskapet skal ein satse på samfunnsnyttige prosjekt, som fiber og teknologi. Fiberutbygginga har pågått ei stund og vil fortsetta med det nye selskapet Bruse. I tillegg vil kommunane gå i samarbeid med Hallingdal Kraftnett for å setta i gang pilotprosjekt for å sjå kva velferdsteknologi me treng i kommunane. Dette blir eit spennande og framoverlent arbeid!

I møteveka til politikarane vart det sett av tid til synfaring av den nye fleirbrukshallen samt den tredje avkøyringa. Begge spennande prosjekt for Gol kommune og lokalsamfunnet. Det vil bli ei opningsførestilling for fleirbrukshallen i august, og den tredje avkøyringa vil golvingane få merke i sumar når den siste delen av vegen (den ovale rundkøyringa) ved YX blir bygd og gjer at det må lagast ein midlertidig omkøyringsveg.

Lysebo er no jamna med grunnen og her må Gol kommune byrje å diskutere kva området skal brukast til i framtida. Inntil vidare vil det bli mogleg å parkera her, men dette vil bli inngangsporten til sentrum og me må ha ambisjonar med å legge til rette for noko som ynskjer alle velkomen inn til Gol.

Alle ordførarane og rådmenn med fleire vart inviterte til den offisielle opninga av nye Hallingdal Sjukestugu på Ål. Her fekk me høyre mykji om den lange vegen me har gått samt nokre moglegheiter for framtida. Sjølve bygget har vorte flott, men det er det som er inni som tel mest. Spesialistar, CT og auka kvalitet på tenestane er noko heile dalen nyt godt av. Me applaudera og gratulera innbyggjarane i Hallingdal med eit nytt og betre tilbod.

Regionrådet fekk også ei møte med kommunal og moderniseringsministeren Jan Tore Sanner i slutten av månaden og me var ikkje seine med å fortelje han kva vi har og vil utvikle i Hallingdal, samt ko me vil klare sjølv og ko me treng hjelp til i framtida. Det var eit positivt og konstruktivt møte eg trur korkje Regionrådet eller Sanner gløymer med det fyrste!

Siste helga i månaden fekk eg lov til å opne Matsentralen for heile Hallingdal i regi av Frelsesarmeen. Matsentralen er lokalisert på Gol og skal avhjelpe dei andre

kommunane sine matlager. Utdeling av mat er noko Frelsesarmeen har gjort bestandig, men her tek dei dette til eit nytt nivå. I tillegg er dette bra for å redusere matsvinn hjå daglegvarehandelen. Eit unikt samarbeid og ekstremt viktig tiltak. Gratulerer Hallingdal!

Tilslutt fekk eg opne det nye venterommet ved Gol Skysstasjon! Dette er eit etterlengta tiltak, og kjem godt med på trafikknutepunktet Gol. Me må jobbe vidare i Hallingdal med å gjera det attraktivt å velje kollektivt, spesielt på Gol, når me ser den kvardagsrushen me får kvar morgon og ettermiddag over Hesla Bru. Bruk bussen, elles mista me den!

Eg kunne ha skrive om mykje mykje meir, men eg må begrense meg noko. Eg vil prøve å skrive oftare, for det skjer mykje positivt, både på Gol og i Hallingdal! Til neste gong: heia Gol!

Kjære sambygdingar!

No er det ei stund sidan eg har skrive nokre ord om alt som foregår, men eg nyttar likevel høve til å samle opp det siste halve året. Håpet er at eg meir regelmessigt får skrive om alt som skjer, spesielt i og for Gol.

Eg avslutta sist med august månad, og eg tek opp at råden.

## **AUGUST:**

Opninga av den nye skulegangvegen gjekk føre seg med storfint besøk frå både Statens Vegvesen med sitt enorme vaffeljern og fylkesvaraordførar Olav Skinnes. Til tross for raske attendemeldingar på mangelfull merking av krysning nærmast Hesla Bru vart vegen tatt raskt i bruk, og syner seg å vera ein god bruksveg. Bilistane har også fått ein meir oversikteleg veg med betre sving og lågare fart takka vera fartsdumper.

Fyrste skuledagen til Gol skule fekk eg delta på, og eg kan bekrefte at det var mange spente og glade born som sto ute på skuleplassen. Spesielt moro var det å sjå fyrsteklassingane som alle hadde ranslar som var større enn dei sjølve.

I august fekk me den fyrste møteinnkallinga til dialogmøter med politimeisteren vedrørende nærpolitireformen. Det var knytt stor spenning til kva, korleis og kvifor. Resultatet har vorte at Gol, Hol og Nes oppretthaldast med lensmannskontor. I tillegg blir Hallingdal eigen tenesteeining, noko me politikarar har kjempa hardt for. Korleis politiet vil endre seg mot oss som innbyggjarar står framleis att å sjå. Det har vore og er framleis mykje bekymring rundt det endra tenestetilbodet, men me som politikarar kjem uansett til å ha eit tett samarbeid med etaten framover, og spesielt lokalt gjennom politiråd for å sikre ei god teneste. Arbeidet med skattekontoret på Gol tok for alvor fart med møter på Stortinget med Høgre, AP og KrF. Me hadde også satt opp eit møte med FrP, men dette vart diverre avlyst. Brevvekslingar og telefonsamtaler inn til finans - og kommunaldepartementa vart prioritert. Strategien vart sett i verk frå tidleg august og me har jobba heile hausten og tidleg vinter med saka. Det vart arrangert folkemøtet på Gol der nokre av politikarane våre på Stortingsbenken var representert og dei ville gå ein ny runde med saka. I desse dagar jobbar vi framleis med saka og har god kontakt med dei politikarane som skal prøve å sette

skattekontoret på Gol på dagsordenen på nytt både mot finansministeren og til Stortinget!

Diskusjonen rundt stamvegvalet var også tidt og ofte på agendaen i haust og det er no i desse dagar at regjeringa vil leggje fram sitt forslag. Gol har tidlegare og står framleis fast på RV 52 som stamvegval nr to. Så vil tida vise om vegen ligg inne når Nasjonal Transportplan blir vedtatt i juni 2017.

I slutten av august gjennomførte me eit møte mellom friviljugheita og kommunal sektor i Gol. Det var eit godt møte med mange frammøtte. Eg vart overraska og mektig imponert når eg fekk vite om alle dei gode tiltaka våre friviljuge tilbyr våre innbyggjarar. På møtet vart me einige om at me skulle prøve å ha ein felles møteplass minst ein gong i halvåret, og at me på sikt burde få til ein felles kalender med friviljuge aktivitetar. Neste møte blir allereie 29. mars!

Frå og med august starta arbeidet med Småjobben i Gol. Dette er eit initiativ som har starta i RÅFU og utover hausten fekk dei kontor plass på Frivillighetsentralen. I mars månad skal eg vera med dit på eit besøk for å høyre korleis arbeidet hittils har gått og vyer for framtida. Eit flott tiltak!

## **SEPTEMBER:**

I september starta for alvor mi reise med Veilederkorpset som Gol kommune har fått tilgang på. Veilederkorpset hjelper skula i Gol med innhaldet i skulen.

Politikarane i Gol var tydelege på at når den nye skula stod ferdig var det viktig at me byrja å prioritere det som skulle vera inni. Dette arbeidet pågår fortsatt og kommunestyret som skuleeigarar vil bli endå meir påkopla etter kvart.

Fyrste kaffimøte med næringslivet vart avhelde med stort oppmøte på Solstad.

Dette er meint å vera ein møteplass for næringslivet der ordføraren kan gi informasjon frå kommunen om prosjekt og tiltak som vedkjem næringslivet, samtidig som næringslivet kan gi signal og diskutere med kommunen, eller seg imellom. Me har eit møte i månaden og skiftar møteplass kvart halvår. Hausten 2016 var det Solstad, våren 2017 er det Kjerstis Mat og Vinhus.

Hallingdal Ungdomsråd i samarbeid med Gol Ungdomsråd gjennomførte Skummelt Oppdrag på gamle gamleheimen på Tuppeskogen, og eg fekk lov til å bidra ved å vera ei gamal kjerding på løftet. Mange ungdommar hadde ein skremmande kveld, og det var eit flott rusfritt alternativ ein fredagskveld for ungdommane våre!

Gol Reisemål starta eit samarbeid med Jarl Goli som skulle inspirere og motivere styret og dagleg leiar til framtidig drift. Me fekk masse input og har i løpet av hausten erstatta dagleg leiar som sa opp med to viljesterke og motiverte damer som tek innspela som kom fram hausten 2016 med inn i eit fartsfylt nytt år!

Gol skule vart opne med brask og bram, der blant anna ordføraren datt ut frå eit glas, i armane på ungane. Slik er verkeleg Gol skule etter intensjonen; hjarterom og opne armar. Det var flott å sjå at lokale heltar stilte opp, og elevane spelte ei stor rolle. Stortilt opning av ei stortilt stugu!

På slutten av månaden fekk eg vera med å opne Tottenskogen Rulleskianlegg som er Hallingdal sitt fyrste interkommunale anlegg der Gol og Hemsedal kommune har samarbeida for å få til ein fantastisk flott rulleskiarena. Denne står til disposisjon

for både innbyggjarane våre og ikkje minst langrennsmedlemmane i idrettslaga våre! Anlegget fekk også pris av Buskerud fylkeskommune i februar 2017! I september fekk eg og gleda av å opne Skue Sparebank i sentrum og VIANOR på Glitre, to flotte nye næringsbygg som gjer Gol sterkare som handel og servicesentrum!

## **OKTOBER:**

I oktober tok Regionrådet turen til Tromsø for å vera med vidare på Byregionprogrammet. Dette programmet har Regionrådet i sin heilheit vorte med på for å lære og bygge vidare på fleirkjernestrukturen me har i Hallingdal (seks sentrum), og korleis me i framtida skal bli livskraftige kommunar. Arbeidet går eit steg vidare i vår når alle kommunane skal bli kopla på ved politiske representantar slik at me set eigne mål for kva vi vil ha ut av dette.

Midt mellom aust og vestlandet sine haustferiar arrangerte Gol kommune sitt fyrste hyttemøte. Det er slik at me per i dag er fleire hyttegolingar enn innbyggjarar, og derfor er det viktig å laga ein møteplass for å ta opp tema som er interessante for dei som brukar mykje tid og peng i vår kommune. Det var godt oppmøte, og tanken er å fortsetta med eit møte årleg knytt til haustferien. Det vil og på sikt bli jobba med eit hyttetorg som kan sjåast i samanheng med dette møtet under Fårefestivalen.

Arbeidet med Masterplan for Hallingmo kom for alvor i gang i oktober. Tanken med dette arbeidet er å laga eit utkast til ein plan for heile Hallingmo-området. Me må tenkje heilheit for området, og kanskje er dette området med på å oppfylle Gol på tvers. Me ser på kva tiltak ein skal legge til rette for, og eg må understreke nettopp det, for her trengs det fleire krefter for å utvikle Hallingmo-området som no husar både ny skule og fleirbrukshall i tillegg til all den eksisterande aktiviteten ved blant anna Hallingmo Idrettspark.

Nes kommune saman med Regionrådet og Gol kommune tok eit initiativ mot Domstoladministrasjonen til eit møte på Nes der me bad om avklaringar og framdrift for ein felles rettstad i Hallingdal. Arkitektteikningane vart gått igjennom på nytt. Det siste i saka er at DA seier at det ikkje blir samanslåing av tingretten og jordskrifteretten, men Regionrådet jobbar vidare politisk for å påverke dette.

## **NOVEMBER:**

I november fekk eg gleda av å dele ut pris på Buskerud Sau og Geit sitt årsmøte på Ål til blant anna vår lokale aktør Nortura for produktutviklinga av Hallingskravet Lam. Det er flott å sjå at organisasjonslivet og næringslivet samarbeidar, og sikrar at vår mat produserast lokalt!

Regionrådet har lengje hatt ynskje om å setja ned ei arbeidsgruppe for å sjå på våre idrettsanlegg frå eit regionalt perspektiv. Petter Rukke (medlem i Regionrådet/ordførar i Hol), Knut Arne Gurigard (dagleg leiar i Regionrådet), Mads Elbrønd (Gol kommune) og eg sit i denne gruppa og har kome i gang med dette i samarbeid med dei lokale idrettsråda (lag dersom ikkje råd) i kommunane. Arbeidet held fram i 2017 og skal forhåpentlegvis munne ut i ein plan som signaliserar anlegg med regional betydning.

Gjennom det siste året har Gol kommune ved fleire anledningar vore i kontakt med Jernbaneverket ang Gol Stasjon og utbetringar for både mjuke, harde og kollektive trafikantar. Arbeidet er prega av mange og lange forsinkelsar, og Gol kommune har ved fleire anledningar hatt møter og korrespondansar for å sikre framdrift. Frå januar 2017 vart Jernbaneverket oppløyst og delt inn i Jernbanedirektoratet og baneavdelingar, og for Hallingdal er me ein del av Bane nor. Me har fortsatt dialog og vil ikkje gje oss før me får til dei skisserte endringane. Prosjektet om å utbetre Gol Stasjon er overmodent og meir enn det, så me kjempar vidare.

Bokmessa i Hallingdal gjekk også av stabelen denne månaden og eg fekk den gleda av å opne arrangementet. Eg var både imponert og inspirert over all lokal litteratur og kultur me skapar og har skapt i Hallingdal. Hallingen sit så visst ikkje å tvinnar tommeltottar! Stev, dikt og diverse tekstar og bøker vart trekte fram og eg vil oppfordre hallingane om å møte meir på slike arrangement som tek for seg så mykje av vår identitet.

Kvart år inntek Kartellkonferansa til LO Stat Pers Hotell, og atter ein gong fekk eg vera gjest. Storfint besøk kom det også som tidlegare. Det er alltid ei glede å ha slikt besøk i vår kommune.

Etter Hallingtinget i oktober starta Regionrådet for alvor opp med arbeidet til Strategisk plan for Hallingdal i november. No er alle innspela frå Hallingtinget gått igjennom og me skal jobbe vidare med eit utkast som Hallingtinget skal få sjå og uttale seg om. I arbeidet har me fokus på å spisse det arbeidet Regionrådet skal gjera og sørge for at den strategiske planen blir meir forståeleg, meningsfull og rettleiande for det arbeidet me driv.

## **DESEMBER:**

I desember fekk eg besøke Husflidslaget på Tingstugu. Dei kunne fortelje at dei er Buskeruds tredje største lokallag. Her møtte eg mange flotte, engasjerte og fingernemme kvinner med tydelege bodskap og signal.

På slutten av året hadde me nokre store politiske saker. Planstrategien for Gol kommune der me prioritera kva slags planar me vil revidere i denne perioda, Helse og omsorgsplanen for Gol kommune og Barnehagestruktur. Planstrategien er vedtatt og vil starte opp med samfunnsdelen vår (tekstdelen) og fortsetta i prioritert rekkefølge med kommunedelplan for sentrum (arealdel for sentrum) og så kommuneplanen (arealdelen for heile kommunen inkludert Golsfjellet). Helse og omsorgsplanen har no vore ute på høyring og skal ta opp innspel før ein ev. vedtek denne i mars-møtet. Barnehagestrukturen var ei vond og vanskeleg sak, etter mi meining, men enda med ei samanslåing av grendabarnhagane til Herad gamle skule. Kommunestyret sette ein føresetnad på at investeringane på Herad gamle skule ikkje må overskride 5 millionar. Prosjektet blir i desse dagar lagt ut på anbud og vil fortelje oss om me går for løysinga.

## **JANUAR:**

Gol kommune starta året med å få ei fantastisk gåve frå Gol Rotary, heile 50 000,- til Sansehagen ved Helsetunet. Eg var invitert for å motta gáva på deira jubileumsfest på Kamben. Dette er ei gåve som vil koma mange brukarar og

pårørande til gode.

Regionrådet fekk besøk av prosjektleiinga av Ringeriksbanen som gav oss oppdatert informasjon om prosjektet. Dette er eit viktig prosjekt for Hallingdal, då dette er vår sjanse til å auke tal på avgangar med tog på Bergensbanen, samt at prosjektet kortar ned reisetida frå blant anna Gol til Oslo. Dette gir oss ein endå gunstigare posisjon i reiselivet og i arbeidslivet. Dette følgjer me tett vidare! Det vart arrangert ei reiselivskonferanse på Geilo med fokus på reiselivet i Buskerud. Her var det mykje interessant, blant anna vart eg obs på dei bevisste grønne forbrukarane. Godt er det at me i Gol har ein utbredt kultur på miljøsertifisering av næringsliv og reiseliv. Dette vart det gitt signal om at kom til å ha mykje å si i forhold til bærekraft i framtida!

Utdanningsdirektoratet inviterte Gol kommune ved utvalsleiar Tonje B Kopstad og meg sjølv til å halde foredrag om Gol kommune sin prosess frå bygging av ny skule til fokus på det indre i skulen på ei konferanse på Gardermoen. Me takka sjølv sagt ja, og fekk gode attendemeldingar. Det er flott å få sjansar til å lyfte Gol! Her fekk me også viktige innspel om korleis me skal bruke Veilederkorpsset som eg nemnde tidlegare vidare.

Etter at barnehagestruktursaka var ferdig i desember inviterte eg grendalaga til eit informasjons- og idemøte om korleis me kan sikre aktivitet i husa som bli ståande att. Det var godt oppmøte, og konstruktiv dialog, og arbeidet vidare blir enkeltvis med dei grendalaga som ynskjer å samarbeide med kommunen om dette.

## **FEBRUAR:**

Igjen var det tid for eigarsamling i Hallingdal Kraftnett, og me starta samlinga på ein visningsleilegheit på Torpomoen som var full av teknologiske løysingar. Hallingtinget har bestemt at istadenfor å ta ut utbytte i selskapet skal ein satse på samfunnsnyttige prosjekt, som fiber og teknologi. Fiberutbygginga har pågått ei stund og vil fortsetta med det nye selskapet Bruse. I tillegg vil kommunane gå i samarbeid med Hallingdal Kraftnett for å setta i gang pilotprosjekt for å sjå kva velferdsteknologi me treng i kommunane. Dette blir eit spennande og framoverlent arbeid!

I møteveka til politikarane vart det sett av tid til synfaring av den nye fleirbrukshallen samt den tredje avkøyringa. Begge spennande prosjekt for Gol kommune og lokalsamfunnet. Det vil bli ei opningsførestilling for fleirbrukshallen i august, og den tredje avkøyringa vil golvingane få merke i sumar når den siste delen av vegen (den ovale rundkøyringa) ved YX blir bygd og gjer at det må lagast ein midlertidig omkøyingsveg.

Lysebo er no jamna med grunnen og her må Gol kommune byrje å diskutere kva området skal brukast til i framtida. Inntil vidare vil det bli mogleg å parkera her, men dette vil bli inngangsporten til sentrum og me må ha ambisjonar med å legge til rette for noko som ynskjer alle velkomen inn til Gol.

Alle ordførarane og rådmenn med fleire vart inviterte til den offisielle opninga av nye Hallingdal Sjukestugu på Ål. Her fekk me høyre mykje om den lange vegen me har gått samt nokre moglegheiter for framtida. Sjølv bygget har vorte flott, men det er det som er inni som tel mest. Spesialistar, CT og auka kvalitet på tenestane er

noko heile dalen nyt godt av. Me applaudera og gratulera innbyggjarane i Hallingdal med eit nytt og betre tilbod.

Regionrådet fekk også ei møte med kommunal og moderniseringsministeren Jan Tore Sanner i slutten av månaden og me var ikkje seine med å fortelje han kva vi har og vil utvikle i Hallingdal, samt ko me vil klare sjølv og ko me treng hjelp til i framtida. Det var eit positivt og konstruktivt møte eg trur korkje Regionrådet eller Sanner gløymer med det fyrste!

Siste helga i månaden fekk eg lov til å opne Matsentralen for heile Hallingdal i regi av Frelsesarmeen. Matsentralen er lokalisert på Gol og skal avhjelpe dei andre kommunane sine matlager. Utdeling av mat er noko Frelsesarmeen har gjort bestandig, men her tek dei dette til eit nytt nivå. I tillegg er dette bra for å redusere matsvinn hjå daglegvarehandelen. Eit unikt samarbeid og ekstremt viktig tiltak. Gratulerer Hallingdal!

Tilslutt fekk eg opne det nye venterommet ved Gol Skysstasjon! Dette er eit etterlengta tiltak, og kjem godt med på trafikknutepunktet Gol. Me må jobbe vidare i Hallingdal med å gjera det attraktivt å velje kollektivt, spesielt på Gol, når me ser den kvardagsrushen me får kvar morgon og ettermiddag over Hesla Bru. Bruk bussen, elles mista me den!

Eg kunne ha skrive om mykje mykje meir, men eg må begrense meg noko. Eg vil prøve å skrive oftare, for det skjer mykje positivt, både på Gol og i Hallingdal! Til neste gong: heia Gol!